Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kinsarvik

Emne: Lynging og mosing

Bygdelag: Nesstrand

Oppskr. av: Margretha Lutro

Gard: Lutro

(adresse): Lofthus. Hardanger

G.nr. 157 Br.nr. 7

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Då her er svært lite lyngmark, so kunde ein ikkje rekna med lyngen som noko litande hjelpefor

2 For ein 50-60 år sidan, då her var huslydar som fødde nokre sauer, og det vart smått med høyet um våren, då lynga dei i stats-skogen på Bråvoll. I den tid hadde ikkje folk råd til å kjøpa korkje høy eller mjøl til dyri sine, og fekk hjelpa seg som best dei kunde.

No hev alle meir lønsamt arbeid, og er difor slutta med å fara i skog og mark etter høy og lyng.

1687

Noko mosesanking hev det aldrig vore her, som i dalarne på austlandet. Me hev dessa bratte skoglider, og mose er der fyrst uppe på fjellet. Der gjeng både tamm- og villrein og nyttar mosen på flyrune.

Den einaste mosen som hev vore nytta her er grisemosen. Den samla ein i sekkjer på heimefjellet og rulla dei ned. Mosen koka ein til graut åt svini.

1687
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING